



GALTERÅSEN 7C AS  
Galteråsen 4  
5916 ISDALSTØ

Att. Helge Sandvik

## Vedtak om samtykke på vilkår utan gebyr

### Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

## Gnr 137 Bnr 807 Lindås - Galteråsen 7 - Isdalstø - H. Sandvik AS - Nytt Bygg

Vi viser til:

- Søknad av 15.01.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9, frå Helgesen Tekniske Bygg AS, 5281 Valestrandsfossen.
- Vedtak av 05.03.2018, om samtykke på vilkår
- Søknad av 11.09.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Helgesen Tekniske Bygg AS, for utleigeareal.
- Brev av 19.09.2018 om manglane opplysningar – varsel om avslag på søknad
- Tilbakemelding av 27.09.2018, frå Helgesen Tekniske Bygg AS
- E-post av 04.10.2018, frå Arbeidstilsynet om manglande opplysningar
- Tilbakemelding av 05.10.2018, frå Helgesen Tekniske Bygg AS, med ytterlegare opplysningar og revidert planteikning.

I vedtak av 05.03.2018, gav Arbeidstilsynet samtykke på vilkår for nytt bygg med lager- og kontorlokale. Delar av bygget var leigd ut til Statens Vegvesen (akse 1-6), medan andre utleigelokale ikkje hadde leigetakar på tidspunkt for søknad. Arbeidstilsynet sette vilkår om seinare søknad for ledig lokale når leigetakar var avklart, samt dokumentasjon av innklimate.

I søknad av 11.09.2018, er det søkt om samtykke for lokale i plan 1 som skal nyttast av Reklamehuset Produksjon AS, og planar for kontorlokale i plan 2.

Saman med søknaden har vi mottatt kopi av søknad til kommunen om endring av gitt tillatelse, skriv med informasjon om tiltaket og vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, samt teikningar av plan og fasade.



## Arbeidstilsynets vurdering

I vedlegg til søknaden, med beskriving av tiltaket, går det fram at ein søker om samtykke for arealer i akse 6 – 12 i begge etasjane. I plan 1 skal Reklamehuset Produksjon AS leige lokala, medan leigetakar for kontorareal i plan 2 ikkje er avklart endå.

I brev av 19.09.2018 vart det mellom anna etterspurt dokumentasjon på medverknad frå tilsette, teikningar som viste gardeobar og snitt-teikning.

Arbeidstilsynet mottok tilbakemelding i e-post av 27.09.2018 og 05.10.2018 med ytterlegare opplysningar og reviderte teikningar. Ved handsaming av søknaden har vi lagt til grunn reviderte planteikningar, datert 05.10.2018.

Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-4(1) skal fysiske arbeidsmiljøfaktorar som inneklima vere fullt forsvarleg. I forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14 er det også sett krav om tilfredsstillande klima, mellom anna med omsyn til luftkvalitet og temperatur.

I vedlegg til søknaden, med vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, er det opplyst at det vil bli etablert ventilasjon i lokala, og at ventilasjonsteikningar og sjekklister etter arbeidstilsynet rettleiing om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen vert ettersendt når det er klart.

Vi set vilkår om dokumentasjon av tilfredsstillande inneklima.

Sjå følgjande lenke for rettleiing om krav til ventilasjon:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-ventilasjon/>

## Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjetteste ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Arbeidstilsynet krev dokumentasjon av tilfredsstillande inneklima, jf. arbeidsmiljøloven § 4-4(1) og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14. For å oppfylle funksjonskrav gitt i samsvar med arbeidsmiljølova § 4-4(1) vil det normalt vere nødvendig med balansert ventilasjon. Planane for ventilasjon og dokumentasjon i samsvar med sjekklister i Arbeidstilsynet sin rettleiing om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen, må sendast Arbeidstilsynet seinast ein månad før anlegget blir montert. Jf. arbeidsmiljøloven §§ 4-4(1), 18-9 og 18-6(6), forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område § 12-2.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjetteste ledd. Sjå også § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt



vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir fulgte, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillende under bruk.

Arbeidstilsynet gjer merksam på at ein føresetnad for at samtykket er gyldig, er at vilkåra er oppfylte, og at vi kan gjennomføre tilsyn for å kontrollere om tiltak er utførte i samsvar med planane, og om eventuelle vilkår for samtykket er oppfylte.

## De kan klage

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og rett til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi sender ein kopi av vedtaket til Reklamehuset Produksjon AS som arbeidsgivar. Vi ber om at arbeidsgivaren gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal representanten for dei tilsette få kopien.

## Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksam på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovudsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blankett finst her: [www.dikb.no](http://www.dikb.no)

Frå 1. januar 2019 vil ikkje Arbeidstilsynet lenger senda ut brev på papir til dei som ikkje opnar brev i meldingsboksen sin i Altinn. Treng du hjelp til innlogging, navigering, delegering eller anna knyta til bruk av Altinn, kan du kontakta Altinn brukarservice: [www.altinn.no/hjelp/](http://www.altinn.no/hjelp/)

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/6423 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Per Kristian Fonn  
Senioringeniør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*



Kopi til:

HELGESEN TEKNISKE  
BYGG AS

REKLAMEHUSET

PRODUKSJON AS

LINDÅS KOMMUNE

v/avd. for byggesak

Torbjørn Hovden

Valestrand

5281

VALESTRANDSFOSEN

Kvassnesvegen 44

5914

ISDALSTØ

Felles postmottak

5914

ISDALSTØ

Kvernhusmyrane 20